



Arkivsaknr: 2024/10775-3  
Sakshandsamar: Kate Bentzen  
Avdeling: Næring og utvikling

## SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Sevheim Gin&Geit - Elektroniske klaver til sau

| Utvalssak | Utval                              | Møtedato |
|-----------|------------------------------------|----------|
|           | Utval for næring, kultur og idrett |          |

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Elektroniske klaver til sau vert tildelt kroner 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn

Sevheim Gin&Geit er eit enkeltpersonføretak. Bransje: 01.452 Geitehold. Registrert 23.01.2020. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar

Sevheim Gin&Geit er ei verksemd som driv småskala produksjon av lokalmat. Produkta vert seld direkte til kunden. Verksemda held til på Manger og har 1 tilsett på deltid.

Om prosjektet

Prosjektet startar opp 1. januar 2025 og er forventa gjennomført 1. oktober 2025.

Sevheim Gin&Geit driv med småskala produksjon av lokalmat sel produkta sine på Bondens Marknad og Reko-ringer. Verksemda skal no i gang med å foredle fram ein serie lokalmatprodukt i samarbeid med Fanakjøtt. For å gjennomføre dette utviklingsprosjektet skal verksemda auke opp antall villsau til 25 vaksne sauer. Verksemda har beitemark sjølv, i tillegg til beite verksemda låner frå naboer med nedlagde bruk, men gjerdene kring beiteområda er i dårleg stand, og verksemda ønskjer å investere i digitale klaver til inngjerding.

#### Prosjektleveranse / målsetting

Klavene gjer det mogeleg å styre bruken av beite, og på denne måten vil ein oppnå høgare volum og betre kvalitet på produkta som skal utviklast og produserast. Dette vil gi moglegheit for vekst i verksemda og verksemda vil styrke sin marknadsposisjon med å ha fleire produkt med betre kvalitet å tilby kundane.

#### Prosjektøkonomi

| Prosjektnamn                | Prosjektkostnad | Søknadssum | Framlegg |
|-----------------------------|-----------------|------------|----------|
| Elektroniske klaver til sau | 81 688          | 40844      | 20 000   |

#### Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Næringsfondet skal styrkje næringslivet i Alver kommune og støtte frå næringsfondet skal bidra til auka næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til dette.

#### Vurdering

Søknaden viser til at Sevheim Gin&Geit ønskjer å utvikle verksemda vidare og gjeld støtte til investering i spesialisert utstyr som gjer det mogeleg å auke opp antall sauer på garden ved bruk av nyare teknologi. Dette gjer det mogleg å drive utvikling av nye lokalmatprodukt i samarbeid med ein større aktør på marknaden og kvaliteten på produkta vil auke.

Alver kommune ser positivt på dei tiltaka Sevheim Gin&Geit viser til for å utvikle nye produkt og eit slikt utviklingsprosjekt vil bidra til vidare vekst i verksemda. Etter ei samla vurdering er prosjektsøknaden i samsvar med næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som stimulerer til entreprenørskap og innovasjon, kompetanseutvikling og vekst i eksisterande verksemdar. Dette kan bidra til arbeidsplassutvikling i verksemda og ei berekraftig næringsutvikling.

#### Kommunedirektøren si tilråding

Prosjekt Elektroniske klaver til sau vert tildelt kroner 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

#### Vedlegg

- 1 Søknad-2024-0033.pdf
- 2 Driftsbudsjett.pdf
- 3 Næringsoppgave 2022.png
- 4 Næringsoppgave 2023.png